



Barne- og familiedepartementet

Team kulturarv

Vår dato: 11.01.2024

Deres dato:

Vår referanse 24/02031-2

Deres referanse:

Vår saksbehandler: Frida Aakervik Berg

Uttale til høyring - omdanning av OVF til aksjeselskap - forslag til omdanningslov

Vi syner til dokument sendt på høyring 08.12.23.

Opplysningsvesenets fond har ei stor portefølje med kulturhistorisk viktige bygg og anlegg, og fleire av desse er freda etter vedtak heimla i kulturminnelova. I Telemark er det fleire døme på desse, mellom anna Seljord, Sauherad, Solum og Vinje prestegardar. Desse er, så vidt vi veit, tenkt vidareført i OVFs eige, medan Gjerpen prestegard i Skien vert overdratt av Den Norske Kyrkje.

Uansett eigarform, må krava etter kulturminnelova følgjast. Alle tiltak som inneber meir enn vanleg vedlikehald krev dispensasjonsvedtak frå fylkeskommunen. Dette gjeld og tilpassing til ny verksemd i den grad det krev fysiske inngrep i freda bygningar/anlegg.

Ei omgjerung frå statleg fond til aksjeselskap er derfor ikkje *i seg sjølv* ugunstig for dei freda kulturminna. Det er likevel viktig å vere medviten samhøvet mellom krav til inntening og omsynet til ein berekraftig forvaltning av verdiane som ligg til eigendommene. Vi er uroa for om fokus på inntening vil føre med seg ei stykkevis deling av dei heilskaplege miljøa som kulturminna høyrer til. Dette gjeld naturlegvis og dei som ikkje er freda, men som har høg kulturhistorisk verdi.

Vi minner difor på at fleire av OVFs eigedommar inngår i eit heilskapleg miljø med grøntanlegg, driftsbygningar og anna ressursgrunnlag som bør bli ivareteken og forvalta i samanheng.

Vi anbefaler at ein i skipinga av selskapet tek omsyn til det høge talet på kulturhistorisk verdifulle bygg og anlegg og dei heilskaplege miljøa dei er ein del av, og at det i organiseringa vert tatt høgde for å sikre naudsynt og relevant kompetanse.

Med helsing

Eystein Andersen
teamleder, kulturarv
seksjon for kultur

Frida Aakervik Berg
frida.aakervik.berg@telemarkfylke.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.